



Landskap i endring – sluttrapport

Program
Landskap i endring – bruk og forvaltning av kulturmiljø og naturressurser





7 Friluftsliv og livskvalitet – syntese av forskingsresultat

Odd Inge Vistad, Olve Krange og Alf Odden

Tema friluftsliv blir dekt gjennom forskning innan ulike disipliner. Ikkje sjeldan finn ein relevant kunnskap om friluftsliv og livskvalitet gøymt bak andre overskrifter eller frå uventa fagmiljø. Denne rapporten omhandlar fem ulike tema som alle er sentrale innan norsk friluftslivsforskning.

7.1 Innleiing

Friluftsliv og livskvalitet er eit vidt temaområde, men det er likevel litt "marginalt" i Landskap i endring, samanlikna med dei andre fire temaområda: Relativt få prosjekt er gjennomført, få relevante søknader kom inn, og den realøkonomiske ramma for dette temaområdet i Landskap i endring har også vore sterkt avgrensa. Tematisk er det likevel udiskutabelt at Friluftsliv og livskvalitet høyrer heime i Landskap i endring, og det er få eller ingen andre forskingsprogram som har gjeve rom for forskning innan temaområdet i den aktuelle perioden. Når det i tillegg er vanskeleg å finansiere norsk miljøforskning utanom Forskningsrådet (med unntak av EU-finansiering), så tilseier det ein relativt låg norsk forskingsinnsats innafør Friluftsliv og livskvalitet. Det som likevel er med og held "hjula i gang", er dei vide vitenskaplege rammer som må gjelde for friluftslivfeltet. Ein kan finne rom for relevante prosjekt både innan humaniora og kulturfeltet, innafør samfunnsvitenskapen og helseforskninga, og det finst til og med naturvitenskapleg friluftsforskning. Dessutan inngår gjerne temaet friluftsliv i eit fagleg-forvaltningsmessig samspel med andre tema. For forskingsfeltet "Friluftsliv og livskvalitet" kan det difor vere vanskeleg å ha god oversikt over kva som blir gjort (gøymt bak andre overskrifter) og av kven (gjerne uventa fagmiljø). Og sjølv om det er lite forskning, så finst det gjerne meir av utgreiingsarbeid, og ein pedagogisk, terapeutisk eller forvaltningsretta praksis som har friluftsfagleg interesse.

Det manglar gode og logiske formidlingskanalar for friluftslivsforskning. Dette forsterkar vansken med å halde oversikten over kva som skjer innan friluftslivfeltet. I denne gjennomgangen er vi difor veldig forsiktige med å seie at vi klarer å gi ein helhetlig presentasjon av "Friluftsliv og livskvalitet" som norsk vitenskapleg arena for perioden 2000-2007 – virketida til Landskap i endring.

Fem forskingsprosjekt ligg innafør området Friluftsliv og livskvalitet. I innhald kan prosjekta koplast til fem ulike deltema:

1. Endringsprosessar i norsk friluftsliv
2. Byfriluftsliv og etnisitet
3. Areal - verdsetjing og restaurering
4. Konflikar og forvaltningsutfordringar ved motorisering av utmarka.
5. Kvifor er turgåing og friluftsliv viktig?

Denne gjennomgangen konsentrerer seg difor om desse fem deltema og forskingsprosjekta. I tillegg kan vi vise til konferanserapportane for dei to forskingskonferansane til FRIFO (Friluftslivets fellesorganisasjon) "Forskning i friluft" som er avvikla i den same perioden (2002 og 2005). Desse har prøvd å fange det som rører seg i tida av interessant friluftslivsforskning.



Kaiting på Sjusjøen. Foto: Børre Dervo, NINA.

7.2 Tematisk gjennomgang av forskningstema under Landskap i endring

7.2.1 Endringsprosesser i norsk friluftsliv

Meir enn kvar tredje nordmann ser på friluftsliv som sin viktigaste fritidsaktivitet. I dei seinare åra har også nye grupper kome til. Det er tendensar til auka sosiale forskjellar innan norsk friluftsliv. Dette viser tal frå Statistisk sentralbyrå frå dei siste 30 åra. Undersøkinga er den viktigaste datakjelda for temaet endringsprosesser i norsk friluftsliv.

Prosjektet blei gjennomført som eit doktorgradsarbeid (2001-2007) i regi av NTNU og Høgskolen i Telemark. Hovudmåla for prosjektet var å skaffe fram og samanstillе eksisterande kunnskap, samle inn nytt datamateriale, og ikkje minst analysere utviklingstrekk i norsk friluftsliv for tidsrommet 1970-2004. Den viktigaste datakjelda har vore 13 landsrepresentative spørjeundersøkingar i regi av Statistisk sentralbyrå mfl. Den første frå 1970 og den foreløpig siste frå 2004.

Status og utviklingstrekk:

Friluftsliv står svært sterkt i den norske befolkninga. Dette kjem mellom anna til syne ved at det i 2004 var heile 95 % av den vaksne befolkninga som deltok i ein friluftslivsaktivitet minst ein gong i året, og at så mange som 31% dreiv med friluftsliv minst to gonger i veka. I tillegg ser 34% på friluftsliv som sin viktigaste fritidsaktivitet. I den andre enden av "skalaen" er det berre 15% som driv med friluftsliv mindre enn 10 gonger i året, eller som ikkje ser på friluftsliv som ein viktig fritidsaktivitet for dei sjølv.

Prosjektet viser utviklinga i norsk friluftsliv for tidsrommet 1970-2004 samla i 10 punkt:

1. Den totale oppslutninga om friluftsliv vert litt styrkt.

Veksten kjem stort sett i lett tilgjengelege aktivitetar som utandørs bading og korte fotturar, og flatar ut frå om lag 1985. Oppslutninga går ned i tradisjonelle aktivitetar som skiturar, ro- og padleturar, fisketurar, og bær og sopplukking

2. Det har vore sterk vekst i deltakinga blant grupper som var underrepresenterte i 1970.

Dette gjeld særleg kvinner, eldre (55-74 år) og folk busette i spreiddbygde stork. Desse gruppene er no i stor grad likestilte med andre grupper når det gjeld deltaking. Det er ikkje registrert ein slik auke i deltakinga for dei med låg utdanning og låg inntekt.

3. Det norske friluftslivet har vorte meir mangfaldig.

Dette skjer ved at små aktivitetar veks seg større, m.a. sykling og bruk av alpinanlegg. Eller at heilt nye aktivitetar kjem til. Døme på slike er terrengsykling, frikøyning, bølgesurfing, kiting mfl. Desse aktivitetane blir no til saman utøvd av 15% av befolkninga, dvs. at dei er fleire enn t.d. dei som jaktar.

Mindre enn 15 % av befolkninga i Norge tykkjer at friluftslivet ikkje er viktig for dei.



Motorferdsel med løyve i utmark. Foto: Børre Dervo, NINA.

4. Friluftslivet blir meir spesialisert.

Dette skjer ved at mange av dei nye aktivitetane er høgt spesialiserte, både med omsyn til teknikk og utstyr. Det skjer også ved at stadig fleire aktivitetar blir splitta opp i avgrensa og spesialiserte underaktivitetar. Eit døme på det siste er utviklinga frå sykkeltur til terrengsykling og vidare til downhillsykling.

5. Endringane i aktivitetsmønstret er langt meir omfattande for ungdom (16-24 år) enn for andre grupper.

I tala for den samla befolkninga blir utviklingstrekk blant ungdommen utlikna og kamuflert av utviklinga for eldre utøvarar. Ungdomsgruppa er særleg interessant, fordi utviklinga her gjev indikasjonar på kva vi kan vente oss framover. Ikkje minst fordi nye utviklingstrekk som regel først blir synlege blant ungdom.

6. Rekrutteringa svikter innanfor enkelte tradisjonelle friluftslivsaktivitetar.

Til dømes er oppslutninga om skiturar, ro- og padleturar, fisketurar og bær og sopplukking redusert med høvesvis 38, 27, 22 og 21 prosentpoeng sidan toppnivået på 1970-talet.

7. Det er sterk vekst i ungdommen si deltaking i dei nye friluftslivsaktivitetane.

Frå eit svært lågt nivå på 1980-talet (truleg ikkje meir enn 5-10%) har den samla oppslutninga om aktivitetar som terrengsykling, frikøyring, kiting, klatring, rafting, elvepadling m.fl. nå kome opp i 36%.

8. Dei unge sitt friluftsliv er meir makeleg enn på 1970-talet.

Deltakinga i skiturar går ned, medan bruken av alpinanlegg aukar tilsvarande. Oppslutninga om bading og korte fotturar går opp, men det er omvendt med fiske-

turar og lange fotturar. Det er færre som ror og padlar, men fleire som køyrer motorbåt.

9. Det er tendensar til auka sosiale forskjellar innan norsk friluftsliv.

For dei nye aktivitetane er det unge menn med høg sosial status som bur i store byar, som er klart mest aktive. Derfor vil sosiale forskjellar auke etter kvart som dei nye aktivitetane får større plass i friluftslivet. Dette bryt med ei 150 år lang utvikling med utjamning av sosiale forskjellar i friluftslivet

10. Sentrale verdiar og motivstrukturar i det tradisjonelle friluftslivet vert overført til dei nye aktivitetane.

Naturoppleving, kontemplasjon og fysisk utfalding er dei viktigaste verdiane i friluftslivet, også blant frikøyrarar og terrengsyklistar. Men verdiar og motiv som meistring, utfordring og spenning er meir framtrudande for dei nye aktivitetane enn for dei tradisjonelle. Det sosiale vert lågare verdsett i dei nye aktivitetane.

Forklaringar:

Demokratiseringa minkar, og differensieringa aukar

Utviklingstrekk for norsk friluftsliv er mange og sprikande. På enkelte område er stabiliteten i aktivitetsmønstret tydeleg, men på andre er det endringane mest synleg. Denne variasjonen kan truleg forklarast best ved å sjå utviklinga som ein konsekvens av to ulike endringsprosessar. Gjennom 1900-talet endra demokratisering friluftslivet frå å vere ein aktivitet for ein liten sosial elite til å bli ei folkerørsl. Dette har skjedd ved at stadig fleire sosiale grupper og stadig større deler av befolkninga har deltatt. Dei siste 15-20 åra har differensiering ført til ei auka oppsplitting av det norske



Rapellering. Foto: Odd Inge Vistad, NINA.

friluftslivet. Det har blitt meir mangfaldig og spesialisert, og det er teikn til auka forskjell mellom ulike sosiale grupper.

Begge prosessane er aktive i perioden frå 1970 til 2004, men medan effekten av demokratiseringa minkar så ser differensieringa ut til å auke.

Demokratiseringa har blitt drive fram av aukande velstand som gjev stadig større deler av befolkninga tilgang til nødvendige ressursar for å drive friluftsliv (pengar, privatbil m.m.). Samstundes har det blitt meir ferie og fritid, og kulturelle normer som kunne hindra deltaking i friluftsliv, er svekka. Ein stadig større del av befolkninga har også "vakse opp med" friluftsliv og fått ei grunnleggande sosialisering i aktiviteten. Når dessutan dei som er fødde etter krigen utgjer ein stadig større del av befolkninga, vil oppslutninga om friluftsliv auke.

Ein viktig føresetnad for differensieringa er at talet på både friluftslivsaktivitetar og andre fritidssyslar aukar frå 1980-talet. Når dette skjer samstundes med at veksten i fritid bremsar opp frå ca 1980, blir det konkurranse mellom dei ulike aktivitetane. For ungdommen er det dei tradisjonelle aktivitetane som mistar oppslutning, fordi m.a. mange av dei nye aktivitetane inngår sterkare i ulike identitetsprosjekt enn dei tradisjonelle aktivitetane.

Kampen mellom aktivitetane bidreg også til å auke sosiale skilnader. Pga. "tidsklemma" i familiane får færre unge ei grunnleggande opplæring til friluftsliv. Nokre familiar, og då særleg "akademikarfamiliar" prioriterer friluftsliv, medan andre ikkje gjer det. Desse har også råd til det spesialutstyret som er naudsynt for dei nye aktivitetane.

7.2.2 Byfriluftsliv og etnisitet

I byane varierer friluftslivsaktiviteten med klasse og etnisk bakgrunn. Arbeiderklassen og etniske minoritetar brukar naturen mindre enn andre. Både økonomiske ressursar og verdivalg kan vere årsaken til dette.

Urbant friluftsliv er særleg lite studert i Noreg, men også i Norden. Internasjonalt er det eit viktig forskingsfelt. Ein har studert fleire tema, t.d. hindringar/barrierar mot bruk av grønne byområde, landskapspreferansar, folks erfaringar med og psykologiske effektar av parkar. I tillegg er undersøkingar av sosio-kulturelle kjenneteikn for dei som brukar og dei som ikkje brukar parkar og grønne område, eit eige felt.

Når det gjeld det siste, finn ein at aktiviteten varierer med klasse og etnisk bakgrunn. Arbeidarklassa og etniske minoritetar er mindre aktive brukarar av slike areal. To sett av forklaringshypotesar har fått særleg stor merksemd. Marginalitetshypotesen handlar om at ulike mekanismar knytt til ein relativt marginal posisjon i samfunnet gjev også lågare "grøn aktivitet". Dette kan dreie seg om økonomiske ressursar, men også om diskriminering. Eit poeng som fleire har trekt fram, er at etniske minoritetar og folk frå lågare samfunnslag ofte bur i område med færre høve for uteaktivitet. Den andre hypotesen handlar om at verdier – også når det gjeld uteaktivitet – varierer i befolkninga. Tanken er at arbeidarklassekultur og etniske subkulturar ikkje delar middelklassen si verdsettjing av uteaktivitet. Det er funne empirisk hald for at begge tesar kan vere gyldige.

Tidsmangel er peika ut som viktigaste hinderet mot bruk. I tillegg har avstand stor tyding. Den praktiske konklusjonen har gjerne vore ei oppfordring om å etablere grønne areal nær der folk bur. Nordisk Ministerråd opererer med 250–300 meter som ein kritisk distanse. I tillegg har mentale og sosiale barrierar tillagt ei viss vekt. Frykt for kriminelle og narkomane, samt rasisme, er også rapportert som faktiske hinder.

Gjennom 1900-talet endra demokratisering friluftslivet frå å vere ein aktivitet for ein liten sosial elite til å bli ei folkerørsl. Dette har skjedd ved at stadig fleire sosiale grupper og stadig større deler av befolkninga har deltatt.



Foto: iStockphoto.



Bading. Foto: Odd Inge Vistad, NINA.



Jenter som ror. Foto: Shutterstock.

Innvandrarbefolkninga dårleg representert

Friluftsliv i byen er temaet for Landskap i endring-prosjektet *"Down by the Riverside – Urban public nature-related attitudes and activities as a knowledge base for river restoration and management"*. Prosjektet er gjennomført av NINA, i samarbeid med NIKU og NIBR. Det er geografisk avgrensa og handlar om område som ligg inntil Alna-elva som renn gjennom Groruddalen i Oslo. To spørjeundersøkingar er gjennomført, blant barn og i den vaksne befolkninga. Data om barn vart samla inn i samarbeid med 11 skular og har god representativitet. "Vaksenundersøkinga" – ei postal undersøking – lir av at innvandrarbefolkninga er sterk underrepresentert.

Ønsker både urørt natur og opparbeidde stiar

Prosjektet har eit dobbelt fokus. Eit smalt tema handlar konkret om Alna-elva. Bildet som kjem fram, er delt. Elva og områda ikring er relativt lite kjend blant dei mest aktuelle/potensielle brukargruppene og lite i bruk, men interessa for utvikling av området/elva er stor. Eit breiare tema handlar meir generelt om (by-)friluftsliv, aktivitet, barrierar og preferansar. Analysane viser for eksempel at respondentane, i tråd med funn frå internasjonal forskning, ønskjer seg eit parkliknande landskap der vatn, plen og opparbeidde gangstiar står høgt på "ønskelista". Samtidig legger respondentane vekt på høva for å oppleve urørt natur og ro. Det er ein motsetnad i dette som samsvarar med den moglege konflikten mellom vern av naturverdiar og rekreasjonsbruk av områda.

Det har vært arbeid med ein tverrfagleg studie der motsetnader mellom biologiske verdiar og populære landskapstypar var tema. I tillegg forsøkte forskargruppa, ved hjelp av analyseverktøyet GIS, å kartlegge og stadfeste fysiske og sosiale barrierar mot bruk av rekreasjonsområda langs elva. Sjå også neste punkt (restaurering).

7.2.3 Tema 3. Areal – verdsetjing og restaurering

Det finst få arbeid som systematisk har forsøkt å etablere standard verdsetjingskategoriar. Trass i det er metoden mykje brukt i arealplanlegginga. Restaurering av eit område krev god formidling av kva som er målet med restaureringa. Ikkje sjeldan kolliderer planleggarane sine idear med befolkningane sine forventningar.

Verdsetjing er eit sentralt element i ulike former for arealplanlegging og er eit særleg viktig verktøy i samband med konsekvensutgreiingar. Det gjeld også for verdsetjing av friluftsområde. Eit gjennomgåande problem og eit heitt diskusjonstema handlar om såkalla samanveging av konsekvensar. Spørsmålet er om det i det heile let seg gjere å samanlikne så ulike storleikar som rekreasjonsverdi, naturressursar, preferansar og samfunnsmessige forhold. Det er stort spenn i praksis på feltet. Grovt kan vi skilje ut to sterke tradisjonar. 'Nytte-kostnadsanalysar' vurderer den samfunnsmessige lønsemda i eit prosjekt. Ideelt vert alle nyttefunksjonar og kostnader gjort om til same målestokk ved at dei vert kvantifisert etter ein felles verdi, t.d. kroner. Stikkord her er studiar av betalingsvilje, studiar av økonomiske ringverknader og indirekte verdsetjing.

Men det finst og verdsetjingspraksis som ikkje har ambisjonar om å samanvege, men som klassifiserer areal ut frå eit sett meir eller mindre veletablerte kategoriar. Primært brukar ein gjerne kriteria som "sjeldenhet", "representativitet" og "variasjon". Denne forma for verksemd dominerer det store feltet av konsekvensutgreiingar, og klassifiseringskategoriane følgjer gjerne formålet til utgreiinga. Vi ser t.d. at kategoriar som "vitskapleg interesse", "pedagogisk verdi" og "rekreasjonsverdi" vert nytta. Trass i at praksisen er svært utbreidd, finst det få arbeid som meir systematisk har forsøkt å etablere eit sett av standard verdsetjingskategoriar.

Prosjektet *"Verdsetting av rekreasjonsområda – en kritisk etterprøving av dagens praksis som grunnlag for forbedrede forvaltningsprosedyrer"* tok opp problemstillingar knytt til dei verdsetjingsprosedyrar og den metodikken som vert nytta når rekreasjonsområde vert verdsett. Prosjektet var eit samarbeid mellom Østlandsforskning (ØF), Institutt for landskapsplanlegging (ILP) ved Universitetet for miljø og

Ein fellesnemnar og ein konsekvens er stor avstand mellom etatar på statleg nivå og lokal forvaltning – mellom "ekspertar" og "lekfolk". Informantane uttrykker sterk skepsis til lokal medverknad.

biovitenskap (UMB) og Norsk institutt for by og regionforskning (NIBR). Forskarane stilte opp følgjande hovudhypotese: Verdsetjinga sine metodar og praksis vil avhenge av det faglege perspektivet og kunnskapssystemet som er representert i *fagekspertisen* i forvaltninga. Problemstillinga vart undersøkt ved gjennomgang av fleire rettleiarar frå forvaltningsorgana Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Statens vegvesen og Direktoratet for naturforvaltning (DN). I tillegg vart ein del tilsette frå de same etatane intervjuet. Ut frå formålet om å undersøke utbreiinga og kjennskapen til rettleiarane vart det gjennomført ei spørjeundersøking i et representativt utval av norske kommunar.

Prosjektet konkluderer i tråd med hypotesen. Trass i at "faglegheit", "objektivitet" og "nøytralitet" er viktige referansar for informantane, varierer metodar og praksis sterkt langs fleire dimensjonar. Det gjeld t.d. i vektlegginga av nasjonale verneverdiar og lokale bruksverdiar, og med omsyn til faglig satsing, tematisk avgrensing og det substansielle innhaldet i rettleiarane. Vegvesenets "handbok" og NVE sine rettleiarar er "instrumentelle"¹ i si innretting. Dei er laga for bruk under saksbehandling, og skal framfor alt sikre kvaliteten. DN sine rettleiarar skal i tillegg ha ein oppdragande funksjon, og har som siktemål å påverke innhald og satsing i kommunal planleggingspraksis.

Kunnskapssosiologi og teori om iverksetjing av offentleg politikk vert brukt til å peike på moglege årsaker. Praksis varierer mellom fag (det vil si aktørane sin fagbakgrunn) og mellom sektorar. På eit anna nivå er ein meir samstemt mellom dei ulike sektorane. Intervjumaterialet tyder på at fagfolka deler den oppfatninga at dei "veit best". Ein fellesnemnar og ein konsekvens er stor avstand mellom etatar på statleg nivå og lokal forvaltning – mellom "ekspertar" og "lekfolk". Informantane uttrykker sterk skepsis til lokal medverknad.

Restaurering inngjekk som ein del av prosjektet "*Down by the riverside*" (sjå tema 2). Poenget var å halde saman kunnskap om lokale bruksmønster, haldningar, miljøpreferansar, etnisitet m.m. med eksisterande planar og ulike faglege prioriteringar for å utvikle ein "blå-grøn" struktur langs Alna-elva. Alt dette for å danne grunnlag for det vidare arbeidet med ein heilskapleg utviklingsplan for Groruddalen.

Hølaløkka ved Alna var det første elveopningsprosjektet som vart gjennomført i Alnavassdraget. Undersøkingane viser at områda langs Alna er dels lite kjent, vert oppfatta som

vanskeleg tilgjengelege for svært mange, og mange av dei spurte hadde heller ikkje høyrte om tiltaket. I tillegg var meiningane og haldningane blant dei som kjende tiltaket, svært delte. Mange var positive, men mange reagerte negativt på dårleg vasskvalitet og på at området verka uferdig. Frå Oslo kommune si side har det vore eit mål at vegetasjonen i området skal etablere seg naturleg. Alna er den mest ureine elva i Oslo, og har for ein stor del vore "gøymt og gløymt" ved å ligge i røyr.

Mange forventet seg ein badebasseng i Groruddalen etter bekkeopninga, men på grunn av oppbløming av blågrøn-algar har bading så langt ikkje freista mange. Dette negative inntrykket kan på den andre sida ha auka folks medvit om miljøtilstanden til Alna. Ein av konklusjonane så langt er at eit positivt tiltak som bekkeopning ikkje nødvendigvis er konfliktfritt. Ein ser eit avvik mellom kommunens mål, fagfolks prioriteringar (bio-mangfald, kulturminne), kva som er mogleg og kva folk forventar. Dette illustrerer godt kompleksiteten ved restaurering.

Om ein har klare mål med eit restaureringsprosjekt, må ein leggje stor vekt på å formidle det ein vil oppnå. Er det t.d. eit mål at vegetasjonen skal etablere seg naturleg, så må ein rekne med ein periode med typiske ugrasplanter. Det vil sjeldan vere estetisk tiltalande.

7.2.4 Konflikter og forvaltningsutfordringar ved motorisering av utmarka.

Skigåarar som vart eksponert for snøskuter på skituren sin, fekk redusert opplevinga av turen. Dur frå snøskuter er den mest negative lyden for turfolk, og det er dei "ikkje-motorglade" som opplever den sterkast. Folk i Ottadalen meinte reglane for motorferdsel i utmark må vere strenge, medan Agder/Vest-Telemark viste mest vilje til liberalisering av dei undersøkte områda.

NINA har gjennomført eit prosjekt på motorferdsel i utmark. Det har lagt mest vekt på sosiale konflikter, altså konflikter i høve til andre brukarinteresser i utmark, særleg friluftslivet. Etter den offentlege definisjonen er 'friluftsliv' ikkje-motorisert.

Det er gjort lite norsk forskning på motorferdsel i utmark, og det som er gjort, er dominert av biologar med vekt på økologiske konsekvensar av motorferdsel. Dessutan er det fleire som har summert opp kunnskapsstatus når det gjeld effektar av motorferdsel – også her med ei overvekt av biologiske effektar. I starten av forskningsprosjektet (2001) vart denne kunnskapsstatusen ajourført i ein ny litteraturgjennomgang og supplert med psyko-sosiale effektar av motorferdsel. I 2006 vart det gjennomført ein ny revidert kunnskapsgjennomgang om økologiske og sosiale effektar av motorferdsel (ansvarleg: NINA), i samband med miljøforvaltninga sitt utgreiingsprosjekt MoSa – Motorferdsel og Samfunn (ansvarleg: NIBR). I løpet av programperioden til Landskap i endring har også miljøforvaltninga gjennomført eit forsøk med ny forvaltningsordning for motorferdsel i

¹ Det er prosjektgruppa sjølv som i sin rapportering bruker hermeteikn på denne måten.



Motorisert ferdsel i utmark. Foto: Børre Dervo, NINA.

utmark, i åtte prøvekommunar (avslutta i 2006). NINA har også hatt ansvar for å evaluere dette forsøket.

Utover litteraturgjennomgangen har forskningsprosjektet hatt to delprosjekt. Det vart gjennomført eit felteksperiment i Tromsø der skiløparar møter snøskuter. Poenget var å studere graden av eventuell innverknad på tur- og naturopplevinga. I det andre delprosjektet gjennomførte vi brukarundersøkingar (tilfeldige utval) i tre norske landdistrikt og tre byar, for å studere haldningar i høve til bruk av natur, aktuelle miljøsaker, motorferdsel i utmark m.m. Utover eventuelle regionale skilnader ønskte ein å studere ulike segment av respondentar etter korleis dei brukte naturen i fritida (motorisert/ikkje-motorisert).

Resultat frå forskningsprosjektet: Målet med felteksperimentet var å undersøke eventuelle effektar av det å møte snøskuter når ein er på skitur. Delprosjektet vart lagt til Snarbyeide utanfor Tromsø der ei tilfeldig gruppe skigåarar møtte ein snøskuter i eit kontrollert eksperiment. Ei lita stund etterpå vart dei bedne om å svare på eit spørjeskjema om opplevinga av skituren og om kva haldningar dei hadde til motorisert ferdsel i utmark generelt. Ingen av spørsmåla dreia seg om den skuteren dei hadde møtt. Ei kontrollgruppe svarte på dei same spørsmåla, men utan å ha møtt snøskuter. Resultatet viste at dei skigåarane som vart eksponert for snøskuteren, fekk redusert opplevingsverdien av turen samanlikna med kontrollgruppa.

Motorglade opplevd som "trussel"

I brukarundersøkinga vart det valt ut tre regionar – kvar av dei med eitt landdistrikt og ein by (Indre Agder/Vest-Telemark, Ottadalen, og Nord-Troms/Vest-Finnmark, og byane Kristiansand, Lillehammer og Tromsø). Utvalet vart

gjort slik fordi ein særleg var interessert i å samanlikne dei ulike regionane og særleg landdistrikta der skuterproblematikken er mest aktuell. Dette tilfeldige utvalet innan dei nemnde byar/regionar var også tilfredstillande til å få med tilstrekkeleg mange skuteraktive brukarar (også utanfor Troms/Finnmark), sjølv om slik aktivitet i hovudsak er forboden (med unntak for nyttekøyning). Tre grupper "lystbrukarar" av natur vart identifisert. Til segmenteringa vart det nytta ein kombinasjon av data som omfatta åtferd (deltaking i type aktivitetar) og motivasjon for, eller trivselsforankring i motoriserte, eller i ikkje-motoriserte aktivitetar.

Resultatet vart ei tredeling: Motorglade, Generalistar og Friluftsglade. Det vart undersøkt korleis desse tre gruppene ytra seg om fenomen som 'trivsel i naturen' og 'haldningar til naturvern.' Det er langt større skilnad mellom gruppene når det gjeld haldningar til natur- og miljøvern, enn når det gjeld trivsel i natur. Det vart vidare undersøkt om dei tre gruppene opplever ulike typar lyd (frå fuglesong til motorlyd) ulikt. 'Dur frå snøskuter' er i gjennomsnitt den mest negative lyden, men det er også den lyden som dei tre rekreasjonsgruppene svarar mest ulikt på; dei motorglade reagerer mindre negativt.

Resultatet viste at dei skigåarane som vart eksponert for snøskuteren, fekk redusert opplevingsverdien av turen samanlikna med kontrollgruppa

Forsking omkring konflikter mellom motoriserte og ikkje-motoriserte brukargrupper av natur viser ofte ein asymmetrisk konflikt; dvs. at konflikten blir opplevd større hos den eine (her: den ikkje-motoriserte) parten enn av den andre. Den ikkje-motoriserte gruppa blir ikkje opplevd som ein trussel av dei motoriserte brukargruppene, medan (særleg) opplevinga av støy frå motorisert ferdsel både reduserer trivselen og kan bli opplevd som ein trussel mot dei verdiane eit ikkje-motorisert friluftsliv representerer. Fleire funn i undersøkinga underbyggjer dette mønstret.

Også haldningar til (regelverket om) motorferdsel i utmark (med vekt på snøskuter) vart undersøkt i dei studerte regionane.

”Alle” meiner det må vere strengare reglar for barmarkskøyring enn for bruk av snøskuter. Generelt sett er Bygde-Noreg meir tilhengar av å liberalisere skuterbruken enn By-Noreg. Men unntaket er Ottadalen som har haldningar om lag som folk i Lillehammer og dei andre byane. Ottadalen viser altså mest motstand mot liberalisering og Agder/Telemark mest vilje til liberalisering. Det er ikkje enkle forklaringar på kvifor det er slik. Det er truleg eit samspel mellom historiske naturbruksvariasjonar, ulike eigedomsstrukturar og difor ulike rettshavar- og forvaltningsformer, ulik forvaltningspraksis i høve til motorferdsel i utmark m.m. Dette spørsmålet bør følgjast opp med ny forsking.

Av ni utsegner om aktuelle endringar av regelverket er det mest stønad til å opne for skutertransport til hytta, og til å gje kommunane høve til å etablere rekreasjonsløyper for skuter. Prosjektet viser det komplekse vedrørende haldningar til motorferdsel og det kompliserte og fleirtydige i synet på eventuell liberalisering av reglane for motorferdsel. Også i ”strenge” Gudbrandsdalen og i dei undersøkte byane er det sympati for å lempe på enkelte reglar for skuterbruk i utmark, men klar motstand på andre tema. Folk er altså ikkje eintydig for eller imot motorferdsel i utmark.

7.2.5 Kvifor er turgåing og friluftsliv viktig?

Turen er for mange ein viktig byggjestein i det gode livet. Den fungerer som rekreasjon, og er for mange også ein reaksjon på den moderne forbrukande livsstilen med alle sine negative sider.

Dette temaet utfyller delar av tema 1, nemleg det som går på motivasjon for friluftsliv. Hovudmålet med prosjektet Den gode turen (ansvarleg: NINA) var å få eit bilete av kva som er ”den gode turen”, for eit breitt spektrum av friluftslivs-utøvarar i Noreg. Og ikkje minst å studere kvifor og korleis den er viktig (for individet og for samfunnet)? Dette var eit kvalitativt prosjekt der ein studerte tekstar som folk frå over heile landet sende inn.

Informantane vart nådd gjennom to kanalar: Den fyrste innsamlinga vart gjennomført som eit samarbeid med DNT der folk vart oppfordra til å skrive om MIN TUR gjennom ei brosjyre på DNT-hytter over heile landet, samt invitasjon

gjennom medlemsbladet Fjell og Vidde. Dette vart seinare kalla DNT-kanalen, og her fekk ein innpass i det organiserte friluftslivet, og med eit tyngdepunkt i byar (etter DNT sin medlemsstatistikk). For å få med bygdefriluftslivet og den uorganiserte turgåinga og vart det seinare sett inn kunngjering og annonsar i ti ”reine” bygdeaviser fordelte på alle fem landsdelar (kalla Bygdekanalen).

Det kom inn ganske nøyaktig 100 brev – både som e-postar og brevpost. Dei innkomne tekstane er studert med to ulike og utfyllande tilnærmingar. I den fyrste har ein identifisert og analysert meiningskonstruksjonar, basert på kvifor folk går tur og korleis dei ser på det moderne samfunnet. Analysen er basert på ei såkalla ”grounded theory”-tilnærming, der ein byggjer kategoriar ganske induktivt utifrå det empiriske materialet. Tre meiningskategoriar er identifisert. Her ser ein kopling mellom korleis og kvifor informantane seier dei går tur, og korleis dei fortolkar det moderne samfunnet.

1. Turen som ”re-kreasjon” av eiga evne til å fungere i det moderne samfunnet. Denne kategorien utgjer hovudtyngda av materialet. Her vert turen nytta som eit ”sunt påfyll” både for kropp og psyke. Det moderne samfunnet er hovudsakeleg fortolka positivt.
2. Turen som ein måte å leve ut ein kritikk av det moderne samfunnet. Den personlege utøving av turgåing og friluftsliv vert sett på som ein kontrast til urbanisering, moderne forbrukande livsstil, aukande avstand mellom menneske og natur osv. Kritikken rettar seg mot samfunnet generelt, mot ”kjøpesentermennesket” og øydelegging av naturen. Det enkle livet i naturen er opphøgd til den største luksus og den rette veg. Denne kategorien er i samsvar med ein friluftslivstradisjon med lange røter i Noreg.
3. Turen som ein måte å skape kontinuitet og ei kjensle av å høyre til – i eige liv og i vår måte å utnytte naturen. Tankar om å vidareføre tradisjonar og verdsetjing av det gamle kulturlandskapet står her sentralt.

Turen er eit verkemiddel for trivsel

Dette er ikkje tre gjensidig utelukkande kategoriar, det er mykje overlapp mellom dei. I ein vidare analyse av dei tre kategoriane vart omgrepa ’rasjonalitet’ og ’refleksivitet’ trekt inn. Analysen viser korleis kvar av dei tre kategoriane på ulike vis gjer turen til ”løysing” på utfordringar menneska møter og fortolkar i det moderne samfunnet. Det er også ein logisk overgang til den andre analytiske tilnærminga, nemleg motivasjon og utbytte frå friluftsliv, og særleg om ’turen’ som verkemiddel for eigen trivsel. Denne analysen har ei

Turen skaper kontinuitet og ei kjensle av å høyre til – i eige liv og i vår måte å utnytte naturen. Sentralt står tanken om å vidareføre tradisjonar, og sette pris på det gamle kulturlandskapet.



På vei mot Galdhøpiggen langs rute fra Spiterstulen. Foto: Bjørn Kaltenborn, NINA.

sterk individforankring og byggjer på lang "skjematisk" kjennskap til fenomenene 'motivasjon' og 'tilfredsstilling' i tur og friluftsliv. Formålet er å avdekkje mønster i personleg meiningsdanning, særleg knytt til "Kvifor turen er viktig". Når det gjeld "nærtolkinga" av personlege motiv for og utbytte ved turen, så viser materialet ei sterk kopling til to sentrale sider ved turgåarens eige liv: Turen er viktig i høve til kvardagen og til kjensla av livskvalitet, delvis som utfyllande fenomen og delvis som kontrast: Ein god kvardag gjev god livskvalitet, men kvardagane er også slik at det går på livskvaliteten laus.

Både lang og kort tur er viktig

Dessutan er det to sider ved sjølve turen som verkar sterkt inn på kvardagen og livskvaliteten: Kvalitetar ved sjølve turområdet og lengda på turen (tidsdimensjonen). Det dreiar seg om å prøve å halde på eller å byggje eit godt liv, og for mange hjelper den gode turen til på to ulike og utfyllande vis. Den eine måten er verdien av den korte "innimellom-turen" i nærmiljøet, og den andre er verdien av den lengre turen, gjerne i fjellet. Både turformer blir poengtert i forhold til kroppsleg og mentalt velver, og ikkje minst som restaurering/oppattbygging når livet har herja med ein (når ein har vore sjuk, er "utbrent" m.m.). Den korte turen i nærmiljøet utfyller kvardagen og lagar slik sett meir "heile" dagar og betre liv. Den lange turen blir ofte omtalt som ein kontrast til kvardagen. Den lange turen ser ut til å "gripe djupare" og gje eit etterlengta påfyll, særleg av fred, ro og ettertanke – noko ein hektisk kvardag ofte ikkje gjev rom for.

I det heile inngår ofte turen i følgjande samspel:

Eit personleg behov (t.d. vekk frå kjas og mas, roe ned ...), pluss eigen innsats (turen), pluss kvalitetar ved turområdet (t.d. ytre ro, naturoppleving ...), som så gjev eit utbytte (t.d. ofte sagt: få bruke kroppen, mentalt velver, nylada batteri ...). Resultata samsvarar godt med tidlegare studiar av nordmenns motiv for å drive friluftsliv. Men dette prosjektet har gjeve eit særleg sterkt inntrykk av at det er for enkelt å sjå på turen og friluftslivet som primært ein kombinasjon av ein aktivitet og ei søking etter oppleving. For mange er turen rett og slett ein viktig bygggestein i (det gode) livet.

7.3 Oppsummering og kunnskapsbehov

I høve til kor breitt temaet "Friluftsliv og livskvalitet" er, så har Landskap i endring berre gjeve høve til smakebitar. Under sluttkonferansen for programmet i november 2006 vart vidare forskingsbehov drøfta. Lista vart lang, og sidan er ho ytterlegare utvida. Presentasjonen nedanfor har ikkje ei prioritert rekkefølge.

7.3.1 Meiningsdanning, og sosialisering til friluftsliv

Friluftslivet har ein udiskutabel kulturell posisjon og mykje politisk godvilje i Noreg. Men uorganisert og uformell "sjølvrekuttering" til friluftslivet er ikkje lenger sjølv sagt. Korleis fungerer opplæring, innføring og erfaringsdanning hjå nye generasjonar – kva krefter og prosessar er med på



I kajakk langs Svalbards kyst. Foto: Odd Inge Vistad, NINA.

å gjere friluftsliv til ein meningsfylt aktivitet? Kva er likt og kva er ulikt når vi samanliknar sosialisering til friluftsliv gjennom familie og venner samanlikna med i pedagogiske institusjonar eller gjennom andre organiserte former? Hypotesen om at friluftslivet er ein viktig sosialiseringsarena for gode miljøhaldningar – som trengs for å bygge det berekraftige samfunnet – er stadig understudert.

7.3.2 Friluftslivets sosiale og kulturelle plassering

Friluftslivsforskinga er ganske fragmentert. Det er behov for grunnleggande kunnskapsoversikt og kartleggingsstudiar utover SSB sine statistikk. Feltet manglar t.d. ein del basal sosiologisk forankring og forståing. Korleis er t.d. samspelet mellom faktisk (fritids-)praksis og rekruttering, og viktige sosiologiske kategoriar som klasse, kulturell kapital, kjønn, inntekter, bustad og etnisk eller kulturell bakgrunn?

7.3.3 Friluftslivets politiske og institusjonelle stilling i samfunnet

Friluftsliv er eit såkalla prioritert miljøpolitisk felt og viktig for folkehelsa. Det har likevel vanskar med å få økonomisk, politisk og forvaltningsmessig gjennomslag i "kamp med" akutte eller globale miljøproblem eller etablerte medisinske tilnærmingar til folkehelse. Dette rammar også friluftslivsforskinga i form av finansieringsvanskar.

7.3.4 Naturbrukskonfliktar

Særleg pga. sentraliseringa i det moderne samfunnet, pluralisering, spesialisering og modernisering av friluftslivet, og den intensiverte kampen om areala i (særleg) sentrale strøk, blir det viktig å kunne handtere naturbrukskonfliktar – både mellom friluftslivet og andre interesser, og ikkje minst mellom ulike aktivitetar og brukargrupper innan friluftslivet og fritidsbruken av natur. Arealplanlegging er velkjent og velegna for å prioritere mellom ulike arealbruks- (les: samfunns-) interesser, men ikkje for å handtere sosiale konfliktar mellom ulike opplevings- og friluftslivsinteresser. For slike konfliktar manglar vi langt på veg verkemiddel.

7.3.5 Nærrområde og lokalt friluftsliv

Det lokalt forankra friluftslivet er viktig. Både for mange folks oppleving av livskvalitet og fordi det er miljømessig gunstig. Friluftsliv i nærmiljøet krev lite ressursbruk, lite reising og dermed mindre forureining enn andre former for friluftsliv og utmarksturisme. I denne samanhengen er det urbane og pressområdefriluftslivet særleg viktig. Kunnskapen om dette friluftslivet og kva som er gode nærturområde er mangelfull. Sjå også neste punkt.

7.3.6 Etniske minoritetar, andre prioriterte grupper og friluftsliv. Byfriluftsliv

Eit viktig tema for forvaltninga, og derfor i friluftslivsforskinga, er rekruttering og forholdet til "svake" eller "prioriterte" grupper. Dette vil ofte vere barn, ungdom, eldre, "feite 40-åringar", funksjonshemma, eller innvandrarak/ andre etniske grupper enn norske. Korleis tek t.d. etniske minoritetar i bruk naturen, og kva type friluftsliv vil denne ueinsarta gruppa praktisere? Både innan norsk og internasjonal forskning er det gjort relativt få studiar på feltet etniske minoritetsgrupper og uteaktivitet når det gjeld oppleving, preferansar, motivasjon og barrierar mot deltaking. Byfriluftsliv har vore eit lite påakta forskingstema i Noreg. Det trengs heilt basal kunnskap. Kven gjer kva, kor ofte, og kvar? Kva fremjar uteaktivitet, og kva hindrar? Sidan det handlar om byar, må ein etterlyse studiar av korleis innvandrarak møter det norske friluftslivet. I norsk samanheng bør ein t.d. spørje: Kvifor er etniske minoritetar underrepresenterte som brukarak av parker og bynære naturområde?

7.3.7 Friluftsliv – areal: spekteret frå "urørt" til tilrettelagt

Den norske friluftslivshistoria er lang, og tradisjonen har (for mange) blitt ein del av norsk identitet. Men denne tradisjonen er ikkje forankra i ei aktiv og tilretteleggande friluftslivforvaltning, og heller ikkje friluftslivorganisasjonane bør få all æra. Norsk friluftsliv (t.d. "turen") har for ein stor del vore uorganisert og utan tilrettelegging, forankra i den

individuelle retten til å ferdast fritt. I dag er planlegging og tilrettelegging for friluftsliv meir prega av fysisk tilrettelegging (særleg opparbeiding av stiar) – i alle fall nær byar og i tettbygde strøk. Kva vil det seie – kva bør det vere – i dag å drive god friluftslivplanlegging og -forvaltning? Kva er god tilrettelegging, og kvar, og ikkje minst: for kven? I det heile er kunnskapen om lokalt friluftsliv svært mangelfull – nesten anekdotisk. På nordisk-baltisk nivå har det no kome ein manual for korleis slik kunnskap kan og bør samlast. Noreg treng å bruke denne manualen, truleg meir enn noko anna nordisk land.

7.3.8 Verdsetjing

Fenomenet verdsetjing har mange tydingar og tolkingar, frå det økonomiske der ting får ein pris, til noko meir laust som handlar om at t.d. visse kvalitetar i/ved naturen har høgare verdi enn andre. Ein brei gjennomgang av forskinga på dette området ville vere nyttig, og ei breiare klargjering av kva liner og tradisjonar som blir brukt i praksis. Prosjektet "Verdsetting av rekreasjonsområder" identifiserte eit gap mellom ekspertane på statleg forvaltningsnivå og brukarane av dei rettleiarane som er i bruk. Studiar av brukarar i lokal forvaltning og relasjonen mellom forvaltningsnivåa vil kunne avdekke sentrale konfliktliner og moglege årsaker til "knirk" i forvaltningsmaskineriet.

7.3.9 Friluftsliv og (mental) helse

Helseeffekten av friluftsliv er eit av dei sterkaste ankerfesta for at friluftslivet har solid politisk posisjon. Mest opplagt er den fysiologiske effekten av kroppsleg aktivitet, i ei tid med mykje overvekt og andre negative livsstilseffektar. I det seinare har det blitt meir merksemd om effekten av friluftsliv og naturoppleving på mental helse. Det er eit u diskutabelt faktum at 'kontemplasjon', 'fred og ro' etc. kjem heilt på topp over motiv for friluftsliv. Det finst også erfaringsmål på at tur- og naturoppleving kan ha ein svært positiv restaurerings-effekt på folk som slit mentalt, men dette er eit underforsa tema.

7.3.10 Friluftsliv i ei marknadsorientert tid. Naturturisme. Allemannsretten

Det ikkje-kommeriselle friluftslivet – som fenomen – står under press frå andre sektorar. Idretten og treningssentra er konkurantar om vår "fysiske innsats". Den naturbaserte opplevings- og haustingsturismen er ein annan sektor. Behovet for næringsutvikling i utmark kan utfordre både friluftslivet og allemannsretten. Både friluftslivet og utmarksturismen har sjølvstekt kome for å bli. Av og til er det vanskeleg (og irrelevant) å skilje kva som er kva, andre gonger kan det vere klare interessekonfliktar. Og friluftslivet kan fort bli den svake part, sidan det "berre er ei ikkje-kommerisell fritidsinteresse", medan naturturismen skal byggje arbeidsplassar og utvikle næringsvake strøk av landet.

7.3.11 Kva er berekraftig friluftsliv eller fritidsbruk av naturen?

Friluftsliv er eit avgjort gode i samfunnet, men det har også sine negative økologiske og sosiale effektar. Det har vore ein tendens og ein tradisjon for å tolke og forstå 'tradisjonell bruk' som bra, og kanskje har tilsvarande "det nye" (inkludert det "kommersielle") blitt rekna som tvilsamt eller negativt. Dette er ei overforenkling. Mange fjellkommunar har svært mykje verneareal, sterk friluftstradisjon, svakt næringsliv og behov for inntektsskaping i utmarka. Det trengs både faglege og politiske prosessar for å klargjere kva som er ei ønskjeleg eller akseptabel utvikling, samt kvar og kvifor. Og det gjeld både økologisk, kulturelt, økonomisk og psykososialt.

7.3.12 Restaurering

Noreg er "bortskjemt" med mykje natur og lite folk. Difor har det nesten alltid vore "ledige areal" for friluftsliv og naturoppleving, sjølv ettersom utbygging, nedbygging, omprioritert bruk av naturområde, auka sentralisering m.m. har endra denne situasjonen. Men lett tilgang til "gode naturkvalitetar" er ikkje sjølvstekt lenger. Dei seinare åra har det vore diskutert og delvis gjennomført restaureringsprosjekt for å "tilbakeføre" påverka, nedbygde eller endra område til ein "naturleg" tilstand. Utanlands er ofte slike restaureringsprosjekt svært viktige, fordi "natur" er mangelfull. Noreg treng å byggje systematisk kunnskap om t.d. effektar av restaurering, og om korleis samspelet mellom politiske og faglege prioriteringar let seg samordne med sosiale tilstandar, brukarønskje og historiske føresetnader.

7.4 Prosjekt som ligger til grunn for synteserapporten

- 134337 Motorized versus non-motorized outdoor recreation, and the effects of motorized use in natural areas. Forsker Odd Inge Vistad, NINA
- 141089 Verdsetting av rekreasjonsområder - en kritisk etterprøving av dagens praksis som grunnlag for forbedrete forvaltningsprosedyrer. Forskningsjef Terje Kleven, Norsk institutt for by- og regionforskning
- 141258 Hva skjer med norsk friluftsliv - en studie av endringsprosesser innen norsk friluftsliv. Høgskoledosent Jan Ove Tangen, Høgskolen i Telemark Avdeling for allmenne fag
- 153102 The great outdoor experience - what is it, and why is it important? Forsker Odd Inge Vistad, NINA Avd. for naturbruk
- 165823 Down by the riverside: Urban public nature-related attitudes and activities as a knowledge base for river restoration and management. Professor Tore Bjerke, NINA, Avd. for naturbruk
- 170578 Støtte til konferansen Forskning i friluft 2005 Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO)



Om publikasjonen

Sluttrapporten *Landskap i endring*

– bruk og forvaltning av kulturmiljø

og naturressurser oppsummerer

forskningsresultater fra 60 forsknings-

prosjekter med en totalramme på ca

130 mill. kroner. I tillegg til informasjon

om programmet, inngår det 5 faglige

synteserapporter på:

– Store rovdyr og hjortedyr

– Kulturminner og kulturmiljøer

– Kulturlandskap og kyst

– Fjellområder

– Friluftsliv og livskvalitet.

Publikasjonen kan bestilles på
www.forskningsradet.no/publikasjoner

Norges forskningsråd

Stensberggata 26

Postboks 2700 St. Hanshaugen

N0-0131 Oslo

Telefon: +47 22 03 70 00

Telefaks: +47 22 03 70 01

post@forskningsradet.no

www.forskningsradet.no

Januar 2010

ISBN 978-82-12-02734-3 (trykk)

ISBN 978-82-12-02735-0 (pdf)

Opplag: 1200

Trykk: 07 Gruppen

Design: 07 Gruppen